

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.08.2011
Sakhandsamar: **Bård Humberset**
Saka gjeld: **Internrevisjon av brannvern 2011**

Arkivsak
2011/27/
Styresak 090/11 O

Styremøte 07.09. 2011

Forslag til vedtak

Styret tar saka til orientering og ber om å bli halden orientert om føretaka si oppfølging av rapporten.

Oppsummering

Det vart i 2008 gjort ein internrevisjon av brannvernarbeidet i helseføretaka Fonna, Bergen, Førde og Stavanger. Ei oppfølging i 2011 har sett på korleis førre rapporten vart følgt opp og gir eit oppdatert situasjonsbilde.

Fakta

Formålet med prosjektet er å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest RHF etterlever brannvernlovgjevinga og internkontrollforskrifta. Vidare har prosjektet som formål å undersøke korleis helseføretaka har følgt opp funn i internrevisjonsprosjektet om brannvern frå 2008.

Følgjande problemstillingar vart sett opp:

- Blir regelverket på brannvernområdet etterlevd i helseføretaka?
- I kva grad har helseføretaka tilstrekkeleg internkontroll på brannvernområdet?
- Korleis har helseføretaka i Helse Vest følgt opp rapportane frå brannvernprosjektet i 2008?

Sjukehus er særskilte brannobjekt kor brann kan medføre store skader på helse, miljø eller materielle verdiar og tap av mange liv (brannvernlova § 13). Manglande fokus på eller etterleving av brannregelverket inneber difor høg risiko både for pasientar og tilsette.

Sjukehuseigar har særskilde pliktar etter brann- og eksplosjonsvernlova, sidan sjukehus er særskilde brannobjekt. Som bygningseigar har helseføretaka omfattande krav til mellom anna dokumentasjon, brannøving og å sørge for at bygningsmasse og brannvernutstyr er i samsvar med dei krav som vert stilt av lovgjevar og tilsynsmyndigheit. For å vere i tråd med regelverket er det naudsynt at dokumentasjon av desse tiltaka er tilgjengeleg og fullstendig.

Rapportane omhandlar følgjande tema:

- Oppfølging av internrevisjon om brannvern
- Organisering av brannvernarbeidet
- Internkontrollsystem
- Opplæring og øving
- Beredskap og evakuering
- Tilsyn
- Bygg, vedlikehald og utstyr

Internrevisor finn at det er i alle føretak vart arbeidd systematisk med oppfølging av rapporten frå 2008, og at føretaksstyra vart haldne orientert om det.

Vi finn vidare at det ligg føre ei meir systematisk tilnærming til brannvernarbeidet no enn førre gongen, betre planar, meir dokumentasjon og rutinar, men at det på fleire område synest å vere eit stykke å gå før internkontrollen og risikoanalysane når ut i alle deler av organisasjonen. Det medfører auka risiko for at uventa hendingar kan oppstå og med uønska konsekvensar.

Det er variasjon mellom føretaka, som einskildrapportane viser. I oppsummering er det likevel følgjande anbefalingar som oftast går igjen:

- Vidareutvikle internkontrollsystemet og sikre etterleving av alle krava i internkontrollforskrifta, særleg:
 - risikokartlegge alle avdelingar/ brannobjekt, følgje opp med handlingsplanar
 - vurdere tiltak for å betre rapporteringa av avvik i avvikssystemet
 - dokumentere at internkontrollsystemet fungerer som føreset
- Sikre at alle tilsette gjennomfører obligatorisk opplæring (både sløkkeøving, evakueringsøvingar og teoretisk e-læringsprogram), samt gi alle vikarar grunnleggande opplæring før dei blir sett i arbeid.
- Sjå til at rømmingsvegar til ei kvar tid tilfredsstillar kravet til rask og sikker evakuering.

Kommentarar

Internrevisjonen har hatt eit godt samarbeid med dei reviderte føretaka og motteke den informasjon vi har bedt om. Rapportane slik dei no ligg føre har vore til gjennomlesing i føretaka og dei er bedt om å legge dei fram for sine styre saman med ein handlingsplan for oppfølging av tilrådingane.

Internrevisjonen vil som fast rutine følgje opp arbeidet med handlingsplanane etter ei viss tid.

Konklusjon

Rapportane viser at det er naudsynt å arbeide kontinuerlig med brannvernarbeidet i føretaka, og periodisk med kontrollar av dei. Det er positivt at så mykje systematisk arbeid går føre seg i føretaka.

Rapportar i vedlegg:

- Oppfølging av brannvern i Helse Bergen HF
- Oppfølging av brannvern i Helse Stavanger HF
- Oppfølging av brannvern i Helse Førde HF
- Oppfølging av brannvern i Helse Fonna HF